

Atle Herfinn Syslak
GRØNFJELLET 75
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2421 - 22/32500

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
27.04.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 110/2 Syslak

Tiltak: Søknad om deling og dispensasjon
Byggjestad: Gbnr 110/2
Tiltakshavar: Atle Herfinn Syslak, Norvald Syslak

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.03.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ut frå innsendt jordskiftesak ser det ut til at gbnr 110/2 berre har bruksrett på ein del av arealet der naustet står.

§ 2 Bnr. 2 får bruksrett til den grunnen under naustet som ligg på bnr. 3 og som kjem utanfor grensa for nausttomta til bnr. 2 som er nemnt under § 1. Bruksretten gjeld så lenge noværande naust står.

- Eigar av gbnr 110/3 må derfor underskriva søknad om arealoverføring (søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett) av den delen som i dag er eigd av bnr.3.
2. Det bør oppgjevast ca. areal på den delen som kjem frå bnr.3 og samla for naustetomta.
 3. Det må dokumenterast rett til parkering. Tomta må vera sikra godkjent tilkomst. Det må søkjast om løyve til utvida bruk av avkøyring frå kommunevegen, Skornesvegen. Dette gjer ein på Statens Vegvesen si heimeside.
 4. Det må opplysast om landbrukseigedomen gbnr 110/2 har fleire naust eller naustetomtar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.05.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Herfinn Syslak, Norvald Syslak
Norvald Syslak

GRØNFJELLET 75
SKORNESVEGEN 73

5955 LINDÅS
5955 LINDÅS